



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11812-7

## **Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 - Overordna analyse - prioritering**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Overordna analyse vert godkjent med dei prioriteringane som kom fram i møtet
2. Kontrollsjefen får i oppdrag å utarbeide Plan for forvaltningsrevisjon til neste møte i kontrollutvalet

### Vedlegg:

- Overordna analyse forvaltningsrevisjon – utkast – Vert ettersendt

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet vedtok å bestille overordna analyse i KU-sak 50/15. Bestillinga vart sendt Deloitte AS i etterkant av møtet. Utarbeiding av overordna analyse er gjennomført som eit samarbeidsprosjekt mellom revisor og sekretariatet for kontrollutvalet.

Det vart gjennomført eit risikovurderingsspel i kontrollutvalet 26.01.2016. I etterkant er innspele som kom fram i møtet blitt innarbeidd i den overordna analysen i lag med informasjon som er innhenta ved dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet skal gjere sine prioriteringar i utkastet til overordna analyse som er vedlagt saka. Den ferdige analysen vert grunnlaget for Plan for forvaltningsrevisjon som utvalet får til handsaming i møte 27. september.

### **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen legg fram utkast til overordna analyse som grunnlag for prioriteringar av dei prosjekt som kontrollutvalet vil gjennomføre forvaltningsrevisjon på dei neste åra. Overordna analyse med prioriteringar vil vere grunnlaget for Plan for forvaltningsrevisjon.